

**AVTALE OM BRUKSRETT
TIL NY KUNSTGRASBANE VED SENTRALIDRETTSANLEGGET
PÅ GNR. 48 BNR. 138 I VOSS KOMMUNE**

mellom

Voss kommune, org.nr. 960 510 542

Postboks 145

5701 Voss

og

Hordaland fylkeskommune, org.nr. 938 626 367

Postboks 7900

5020 Bergen

er det inngått følgende avtale som avløyer tidlegare avtale om bruksrett til grusbane:

1. Det skal etablerast ny kunstgrasbane på eksisterande grusbane på Voss kommune sin eigedom gnr. 48 bnr. 138 i Prestegardsmoen på Voss. Banen er merka med svart ramme på vedlagte kart frå seEiendom datert 11.06.2013. Stor bane ca. 60 x 100m.

Voss kommune skal stå som eigar av anlegget. Gjennomføring av prosjektet skal skje i regi av Fotballklubben Voss. Hordaland fylkeskommune skal bidra ved finansieringa av anlegget med beløp stort kr. 1.000.000.

2. Hordaland fylkeskommune skal ha rett til å bruke kunstgrasbanen på skuledagar i tida mellom kl. 08.30 og kl. 15.30.

Hordaland fylkeskommune v/Voss Gymnas og Voss vidaregåande skule skal kvart år før skulestart leggje fram bruksoversikt / timeplan for bruk av kunstgrasbanen gjennom skuleåret.

Andre skular på Voss kan etter søknad få nytte banen i skuletida, men slik at Hordaland fylkeskommune v/Voss Gymnas og Voss vidaregåande skule har førerrett til bruk av banen.

Voss kommune v/Brukarrådet tildeler brukstid på kunstgrasbanen.

3. Hordaland fylkeskommune sitt økonomiske bidrag, sjå pkt. 1, er fullt og endeleg oppgjer for bruksretten til kunstgrasbanen i kunstgraset si levetid på ca. 10 år.

Etter den tid skal Hordaland fylkeskommune, som vederlag for bruksretten, delta økonomisk ved større vedlikehald som t.d. byte av dekke. Størrelsen på vederlaget vert fastsett etter nærare avtale.

Hordaland fylkeskommune betalar eit fast årleg vederlag stort kr. 30.000 for sin andel av drifts- og vedlikehaldskostnadene. Vederlaget kan indeksregulerast kvart år, første gong 01.01.2015, med endringa i Statistisk Sentralbyrå sin konsumprisindeks eller annan indeks som erstattar denne.

Vederlaget på kr. 30.000 omfattar ikkje kostnader med snørydding og vinterdrift. Fotballklubben Voss avgjer om kunstgrasbanen skal ryddast for snø. Hordaland fylkeskommune skal betale 20 % av samla kostnader med snørydding og vinterdrift. Hordaland fylkeskommune skal godkjenne grunnlaget for desse driftskostnadene før betaling skjer.

4. I den grad det ikkje er i strid med denne avtalen, skal det til einkvar tid gjeldande regelverk for Sentralidrettsanlegget i Prestegardsmoen gjelde.
5. Denne avtalen skal tinglysast på gnr. 48 bnr. 138 i Voss kommune.

Hordaland fylkeskommune sender avtalen til Statens kartverk for tinglysing, og dekker kostnaden med dette.

Avtalen m/kart er oppretta i to eksemplar, der kvar av partane beheld eitt eksemplar.

Voss, den

30.10.13

Bergen, den

07.02.14

Voss kommune



Hordaland fylkeskommune




TOM-CHRISTER NILSEN
FYLKESØRDFØRAR



seeiendom



11.06.2013



- + 192
- + 192 / 8
- + 192 / 1
- + 192 / 4
- + 192 / 18
- + 193 / 7
- + 193 / 10
- + 193 / 16
- + 193 / 1
- + 193 / 2
- + 193
- + 193 /
- + 193 / 1
- + 193
- + 193
- + 193 / 4
- + 194 / 120
- + 194 /
- + 194 / 121
- + 194 / 121
- + 194 / 114
- + 194 / 50
- + 194 / 122
- + 194 / 33
- + 194 /
- + 194 /
- + 194 / 149
- + 194 /
- + 194 / 148

Kart levert av
Topografisk norgeskart 2
194 Kartverket